

Vår ref.
21/11079Saksh.: Louise C. Pettersen
Telefon: 53 67 36 54Arkivkode
K1-143Arkivsak
21/188-11Dato:
07.01.2022

Førearbeid - kommuneplanen sin arealDEL - bakgrunn og rammer for arbeidet, prosess, mål og organisering

BAKGRUNN OG PROBLEMSTILLING

Kommuneplanen

Plan- og bygningslova (pbl) kap. 3 skildrar kommunen sine oppgåver og mynde i planlegginga. Planane etter lova skal setja mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen. Den kommunale planlegginga skal leggja til rette for utvikling i kommunen. Dette skjer gjennom forvaltning av areala og naturressursane i kommunen, og ved å gje grunnlag for gjennomføring av offentleg og privat verksemd.

Kommunestyret skal vedta planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.

Kommuneplanen består av samfunnsdel med handlingsdel og arealDEL.

Samfunnsdelen er ein langsiktig del med mål for utviklinga i kommunen, og retningsliner for dei ulike sektorane si planlegging. Arealdelen syner areal- og naturressursdisponeringa i kommunen. Vidare skal kommuneplanen ha ein kortsiktig del (handlingsdel) som oppgjev korleis planen skal fylgjast opp dei fire påfylgjande åra eller meir. Denne skal reviderast årleg. Økonomiplanen kan innehalda eller utgjera handlingsdelen.

Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, sml. pbl §11-6.

Arealdelen av kommuneplanen

Arealdelen av kommuneplanen viser areal- og naturressursdisponeringa i kommunen. Areala kan i kommuneplanen setjast av til byggjeområde, landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF), samferdsle og teknisk infrastruktur, grøntstruktur, bruk og vern av sjø og vassdrag, omsynssoner (fareområde, aktsemdsområde, verneområde). Kommuneplanen sin arealDEL med plankart og føresegner vedteke i samsvar med §§ 11-7 – 11-11 er rettsleg bindande for arealbruken i kommunen. Retningsliner er rettleiande.

Føresegnerne for arealføremål må ha heimel i lova. For omssynssoner kan det også gjevast føresegner i henhold til andre lovar. Alle føresegner må vera heimla i lov for å vera juridisk bindande.

Arealdelen av kommuneplanen set forbod mot ein skilde tiltak og gjev føringar for alle typar byggje- og anleggstiltak. Han har soleis stor innverknad på grunneigarar sin råderett over eigen grunn.

Status/ gjeldande planar

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteke 28.09.2015.

Kommuneplanen sin visjon er:

- *Eid fjord – eit natur- og kultursenter i Hardanger*

Det er tre hovudsatsingsområde i kommuneplanen:

- Bukommunen Eid fjord
- Opplevings- og besøkskommunen
- Arbeidskommunen

Kommuneplanen sine overordna mål er:

- *Eid fjord skal ha ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for komande generasjoner*
- *Aktivitetane i Eid fjord skal skje innanfor naturen si bereevne*
- *Ålmenta i Eid fjord skal sikrast høve til deltaking, medansvar og medstyring*
- *Eid fjord skal vera ein kommune som har arbeids- og fritidstilbod av god kvalitet, og skal vera ein attraktiv stad å leva og bu*

Arealdelen av kommuneplanen vart vedteke 28.03.2011.

Rullering av arealdelen av kommuneplanen

Arealdelen kan rullerast for seg sjølv eller saman med resten av kommuneplanen. Det er eit stort løft for ein liten kommune å ha gode prosessar for gjennomgang av heile kommuneplanen. Kommunestyret har vedteke å starta arbeidet med rullering av arealdelen. Samfunnsdelen vert ikkje rullert no.

Bakgrunnen for behovet for rulleringa av arealdelen er fleirdelt. Dermed vert fleire tema aktuelle i planarbeidet:

- Tema nemnd i kommunen sin planstrategi:
 - Hardangerviddatunnelane
 - Arealbruk i Simadal
 - Arealbruk i Sysendalen
- Ytre Bu. Grensejusteringa mellom Ullensvang og Eid fjord kommunar vart gjennomført ved årsskifte 2021-2022.
- Tussafoten og påverknad på Øvre Eid fjord

I tillegg har sakshandsaminga i plan-, dele- og byggjesaker synt behov for mellom anna å sjå på

- Klårgjering av reglar for tiltak i stølsbol
- Retta feil i arealføremål i heile kommunen, særleg LNF-føremål
- Retta feil og uklårheiter i føresegner
- Tilhøvet mellom omsynssonene kring Veig (verna vassdrag) og opning for tiltak langs elva i Øvre Eid fjord
- Føresegner knytt til omsynssonene for kulturminne på Hæreidsterrassen og verneområda for Hardangervidda nasjonalpark og Hardangerjøkulen og Skaupsjøen landskapsvernområde.

Kommunen har nyleg vedteke ein kommunedelplan for klima og energi, og arbeider med ein kommunedelplan for naturmangfald. Det er naturleg at desse vert teke omsyn til i arbeidet med arealdelen.

Saksgang ved rullering av arealdelen av kommuneplanen

Saksgang og organisering av kommuneplanarbeidet går fram av pbl § 3-3 og kap. 11 med tilhøyrande rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå 2021. I tillegg har forskrift om konsekvensutgreiingar føresegner som set krav om planprogram. Eige kapittel om ”framdrifts- og aktivitetsplan for arealdelen av kommuneplan Eidfjord” syner korleis me vil ta vare på desse krava.

Planprogram

Etter pbl § 11-13 og kuf § 6 skal det utarbeidast planprogram for kommuneplanar.

Planprogrammet skal utarbeidast etter pbl § 4-1 og kuf kap. 4.

Planprogrammet skal:

- Skildra eit opplegg for informasjon og medverknad
- Avklara rammer og premissar
- Klargjera føremålet med planarbeidet
- Skildra kva utbyggingsstrategiar og alternativ som vil verta vurdert og kva forventa problemstillingar som vil verta tekne opp, under dette seia kva utgreiingar som er naudsynte for å gje eit godt vedtaksgrunnlag

Planprogrammet skal sendast på høyring til mynde og interesseorganisasjonar planen vedkjem og det skal leggjast ut til offentleg ettersyn, i minst seks veker jf. pbl § 11-13. I denne planprosessen er det planlagd at høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet vert samordna med kunngjering om oppstart av kommuneplanarbeidet.

MÅL

Effektmål for arealdelen:

- Laga ein plan som legg til rette for å nå kommunen sine overordna mål;
 - *Eidfjord skal ha ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for komande generasjonar*
 - *Aktivitetane i Eidfjord skal skje innanfor naturen si bereevne*
 - *Ålmenta i Eidfjord skal sikrast høve til deltaking, medansvar og medstyring*
 - *Eidfjord skal vera ein kommune som har arbeids- og fritidstilbod av god kvalitet, og skal vera ein attraktiv stad å leva og bu*
- Laga ein plan som tek opp i seg sentrale og regionale arealpolitiske føringer og som er juridisk riktig
- Laga ein plan som i størst mogleg grad vert forstått og etterlevd av publikum, politikarar og administrasjon, og som reduserer behovet for dispensasjonar

Mål for planprosessen:


- Vedteken arealdel av kommuneplan innan utgangen av 2023.
- Få fram sentrale interessentar sine ynske og forventningar tidleg i planprosessen
- Gje politikarane, spesielt styringsgruppa og planutvalet, eit eigartilhøve til planen
- Involvera innbyggjarane

INTERESSENTAR

Interessentane er sortert i tre kategoriar. Lista er ikkje uttømmande.

Offentlege interessa ntar	Lag- og organisasjonar, infrastrukturleverandørar	Individuelle interessa ntar
<ul style="list-style-type: none"> • Planutval og styringsgruppe • Kommunale einingar (skule, barnehage, kultur/næring/berekraft mv) • Kommunestyret • Barnas talmann • Fylkeskommunen • Statens vegvesen • Statsforvaltaren – beredskap, landbruk, miljø • Hardanger Energi • Hardanger Energi Nett • Statkraft • Statnett • NVE • Kystverket • Tilsynsutval for n.park og landskapsvernomb. • Villre innemnda for Hardangerviddaområdet • Ungdomsrådet • Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne • Destinasjon Eidfjord • Eidfjord fjellstyre • Nabokommunar (Hol, Nore og Uvdal, Vinje, Ulvik, Ullensvang) • Nabofylke (Viken, Vestfold og Telemark) • Direktoratet for mineralforvaltning 	<ul style="list-style-type: none"> • Den norske turistforening • Eidfjord automobillag • Eidfjord næringslag • Eidfjord jegar- og fiskeforening • Stølssameigene og grunneigarlag • Naturvernforbundet • Miljøvernforbundet • Eidfjord IL • Røde kors • Grendalaga • Øvre Eidfjord bygdekvinnelag • Historielaget • Hyttevel i Sysendalen • Okapi • BKK • Tesla • Telenor • Sysendalen skisenter • Eidfjord sokn • Bjørgvin bispedøme 	<ul style="list-style-type: none"> • Bustadsøkjande • Etablerarar • Innbyggjarar • Turistar (fot-, bil,cruise) • Statskog • Grunneigarar • Hytteigarar • Festarar • Næringsdrivande

ORGANISERING AV PLANARBEIDET



SKILDRING AV ROLLAR

Oppdragsgjevar:

Kommunestyret har ansvaret for og leiinga av kommuneplanlegginga (tbl § 3-3), og er oppdragsgjevar for arbeidet med å rullera kommuneplanen. Kommunestyret gjer vedtak om oppstart, vedtek planprogram, vedtek utlegging av planframlegg til høyring og vedtek endeleg plan.

Styringsgruppe:

Kommunestyret opprettar eiga styringsgruppe for arbeidet med arealdelen. Kommunestyret vel også leiaren av styringsgruppa. Styringsgruppa har jammlege møte gjennom prosjektperioden, der representant frå den administrative arbeidsgruppa er sekretær og kontaktperson. Leiaren i styringsgruppa har den formelle kontakten med den administrative arbeidsgruppa i prosjektperioden.

Prosjektleiar:

Rådmannen har øverste ansvaret for administrasjonen og har den formelle kontakten mot kommunestyret. Ansvaret for den administrative delen av og det daglege arbeidet med kommunen sine planar ligg hjå eininga Drift & Forvaltning. Prosjektleiar er einingsleiar/ass. einingsleiar ved Drift & Forvaltning.

Prosjektleiar har ansvar for framdrifta og leiinga av planprosessen. Prosjektleiar skal leggja til rette for at arbeidsgruppa kan gjera jobben sin, eventuelt ved å leiga inn ekstra ressursar.

Administrativ arbeidsgruppe:

Eininga Drift & Forvaltning vil i hovudsak stå for den operative prosessen med planrulleringa. D&F har ansvaret for planarbeid, byggjesak, oppmåling, landbruk, miljø og naturforvaltning. Driftsavdelinga og VA-avdelinga vil også involverast i planarbeidet. I tillegg er eininga Kultur, næring og berekraft representert i gruppa. Denne eininga har ansvaret for kultur, næring, idrett og friluftsliv.

Medlemma i gruppa deltek i arbeidet dels gjennom samarbeid og dels ved sjølvstendige utgreiingar/bidrag. I tillegg vil me nytta innleigd konsulent for delar av planarbeidet, mellom anna utarbeiding av planføresegner og plankart, dessutan konsekvensutgreiing mv. Prosjektleiar har ansvaret for å fylgja opp konsulenten.

Intern rådgjeving:

Rådmannen sin stab og kommunen si leiargruppe vil vera interne diskusjonspartar. Kommunale einingar og fagområde som ikkje er representert i prosjektgruppa vil ha talsmenn i den interne rådgjevingsgruppa.

Ekstern rådgjeving/ referansar:

Planforum Vestland som består av regionale styresmakter innan planlegging, er svært viktig ekstern samarbeidspart i planarbeidet.

PLANPROSESSEN

Arbeidet med å utarbeida ny arealdel er omfattande, og vil ta tid. Under er utarbeidd ei tidsline som syner korteis framdrifta er tenkt.

Kva	Når	Kvifor	Kven
Førearbeid: temamøte med KST om arealdelen. Førebu at sak om organisering kjem opp	Januar 2022		Adm og KST
Førearbeid: fastsetja organisering og framdriftsplan, dessutan førebelse sentrale tema og mål med arbeidet	Januar 2022		KST
Etablera styringsgruppe	Januar 2022		KST
Utarbeida forslag planprogram	Februar – mars 2022		Adm
Regionalt planforum	Mars 2022		Ordførar, prosjektleiing D&F, rådmann
Saksframlegg forslag planprogram + varsel oppstart	Slutt mars 2022		Adm
Vedtak om høyring planprogram	6. april 2022		FSK
Gjennomgang innspel	Mai - juni 2022		Styringsgruppe. Arbeidsgruppe
Ferdigstilling saksframlegg	Juni 2022		Adm
Fastsetjing planprogram FSK	Juni 2022		FSK
Fastsetjing planprogram - KST	August/september 2022		KST
Temamøte hytteutbygging	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Temamøte turisme og cruise	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Temamøte landbruk	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Temamøte energi og infrastruktur	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Temamøte handel og næringsliv	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe

			Ordførar
Folkemøte Eidfjord og Simadal	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Folkemøte Øvre Eidfjord	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Folkemøte Bu	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Folkemøte Sysendalen	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Møte ungdomsråd	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Møte eldreråd	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Møte stolssameiger	Haust 2022		Styringsgruppe Arbeidsgruppe Ordførar
Open invitasjon til innspel om tema som bør takast opp i arealdelen.	Haust 2022		Adm
Gjennomgang innspel og val av tema å gå vidare med	Haust 2022		Styringsgruppe
Arbeid med utvalde deltema	Haust 2022 og vinter 2023		Arbeidsgruppe
Regionalt planforum	Vår 2023		Ordførar, prosjektleiing D&F Rådmann
Vurdering innspel planforum	Vår 2023		Styringsgruppe Arbeidsgruppe
Ferdigstilling saksframlegg	Før sommaren 2023		Adm
Handsaming før høyring - FSK	Før sommaren 2023		FSK
Handsaming før høyring - KST	Før sommaren 2023		KST
Høyring	Sommar 2023		
Gjennomgang av innspel	Haust 2023		Styringsgruppe Arbeidsgruppe
Førebuing til slutthandsaming	Før jol 2023		Adm
Slutthandsaming FSK	Desember 2023		FSK

Slutthandsaming KST	Desember 2023		KST
Kunngjering	Desember 2023		

Møte i styringsgruppa vert sett opp etter eigen plan, men slik at dei vert gjennomført jammleg gjennom planprosessen. Møta bør planleggjast slik at dei kjem i samband av dei ulike punkta i framdriftsplenen over.

Møte med administrativ arbeidsgruppe vert gjennomført regelmessig til faste tidspunkt.

Med venleg helsing

Louise C. Pettersen
Ass. einingsleiar Drift og forvaltning

Kopi til arkiv